



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 03.05.2019

**Møtestad:** Austrheim kommunehus, møterommet Børilden

**Møtetid:** 10:00 - 13:45

Møtet starta først 10.40 av di Administrasjonsutvalet varte lengre enn oppsett.

Møtet starta med orientering om Sambandet Vest.

I dette møtet var det økonomirapportering.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordførar
Jorund Stellberg	UAH	Medlem
Siri Kaland	AP	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem

**Desse møtte frå adminstrasjon:**

Rådmann Liv Løvvik, konstituert rådmann Olav Mongstad, økonomisjef Olav Birger Andersen, avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft, leiar teknisk drift Rolf-Henning Myrmel, byggesakshandsamar/jurist Thomas Lindås og møtesekretær Ketil Tjore.

Austrheim 10. mai 2019

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
034/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
035/19	Godkjenning av møteprotokoll
036/19	Meldingar
037/19	Delegerte saker
038/19	Orienteringssak
039/19	Budsjettoppfølging med tal per 30. april 2019
040/19	Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap – samarbeidsavtale § 19
041/19	TV-aksjonen - oppretting av kommunekomiteé
042/19	Klage på avslag på søknad om konsesjon gbnr 129/8 - Litlås

## **034/19: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **03.05.2019 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 034/19 - 03.05.2019 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **035/19: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **03.05.2019 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 035/19 - 03.05.2019 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **036/19: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **03.05.2019 FORMANNSKAPET**

Politisk handsaming i formannskapet:  
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 036/19 - 03.05.2019 - Vedtak:**

Meldingane vart tekne til orientering

---

## **037/19: Delegerte saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

## **03.05.2019 FORMANNSKAPET**

Byggesakshandsamar Thomas Lindås gjekk gjennom dei delegerte sakene.  
Politisk handsaming i formannskapet:  
Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 037/19 - 03.05.2019 - Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

---

## **038/19: Orienteringssak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

### 03.05.2019 FORMANNSKAPET

Det var fleire orienteringar i møtet.

Jon Fredrik Wallace i Meland kommune og Øystein Skofteland frå Norconsult orienterte om Sambandet Vest. Wallace orienterte om bakgrunnen for arbeidet, der Sambandet Vest AS no er avvikla og erstatta av ei administrativ arbeidsgruppe med ei politisk styringsgruppe, der Meland har tatt på seg leiaransvaret for det administrative.

Det er dei fire kommunane Meland, Radøy, Lindås (kommande Alver) og Askøy som vert direkte berørt av Sambandet vest, med tanke på at nye vegar er tenkt i desse kommunane. For Austrheim vert det ikkje bandlagt areal her, men kommunen er likevel med i samarbeidet sidan ein kan venta auka trafikk gjennom Austrheim til og frå Mongstad.

Konstituert rådmann Olav Mongstad og ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at Austrheim i sin arealplan har lagt klar ein korridor for fylkesveg 565 utanom kommunesenteret, slik at trafikken frå Mongstad ikkje skal gå gjennom kommunesenteret med fartsgrense 40 km/t og fartshumpar.

Øystein Skofteland frå Norconsult orienterte om prosessane ein må gjennom i den vidare planlegginga. Han viste til at arbeidet no ikkje ser på finansieringa av utbygginga, berre traséval og liknande.

Ordførar Per Lerøy skaut inn at målet for prosjektet er justert slik at ein no ikkje ser på vegsamband mellom Sture/Kollsnes og Mongstad, men mellom Askøy og Nordhordland. Skofteland svara at det er rett, og at ein no ser på det planlagde nye Sotrasambandet som eit godt samband vidare frå Askøy, slik at det no handlar om å binda saman Ytre Nordhordland, og Askøy.

Skofteland sa at det er viktig å kunna realisera bit for bit av prosjektet, sidan det er enkelte deler som er kostbare, og det vert utfordrande å finansiera alt i same omgang. Det er no lagt inn ein ny sørleg trasé mellom Askøy og Holsnøy. Denne har tre gongen så stort trafikkgrunnlag, og trass dobbel kostnad på bruene vert det difor vanskeleg å sjå bort frå dette alternativet.

Wallace sa at det såvidt har vore diskutert om ferje mellom Askøy og Holsnøy skulle vera del av dette prosjektet, men at ein har komme fram til at det ville komplisera og forlenga prosessen, og difor la det vekk. Likevel er det slik at dersom ei bru over Bognestraumen mellom Radøy og Holsnøy kjem først, så kan dette med ferje til Askøy komma opp igjen. Ein jobbar no med at planen for Sambandet Vest skal kunne vedtakast i kommunestyra medan dei framleis er vedtaksføre før valet i september, og unngå å komma inn i sakskøen i Alver.

Per Lerøy viste til at dette prosjektet har endra seg frå starten, der næringslivet var tungt inne. No er det kommunane som driv dette. Det er viktig at Austrheim er med, sidan trafikken vil auka gjennom kommunen dersom desse prosjekta vert realiserte.

Jorund Stellberg (Uavh) ba om at denne saka kjem opp i møtet i kommunestyret i Austrheim i juni månad.

Avdelingsleiar for plan, bygg, oppmåling, eigedom og miljø, Asbjørn Toft, sa at det saka gjerne kan komma opp i første møtet kommunestyret etter ferien, i august. Då kan ein ta inn innspel frå innbygarane til saka. Toft spurte om det kan vera nok med ei bru til Askøy og så ta resten via dagens vegnett. Til dette svara Skofteland at ein i planlegginga vil sjå på alle alternativ, medan Wallace sa at dette kan vera eit alternativ, men at det for Radøy er viktig med bru over Bognestraumen.

---

Jorund Stellberg (Uavh) orienterte om det pågåande arbeidet med endringar for den interkommunale revisjonsordninga. Stellberg er styreleiar i Nordhordland Revisjon AS, der Nordhordland Revisjon IKS har aksjemajoriteten med 97 prosent av aksjane.

Stellberg sa om samanslåinga med Indre Hordland Revisjon at det enno er eit stykke arbeid å gjera før ein er i mål med dette. Elles er det eit spesielt trekk ved revisjonsselskap at ein er avhengig av dei personlege autorisasjonane som dei tilsette innehar, og sluttar desse så stoppar det for selskapet også.

---

Anne Dahle Austrheim (KrF) orienterte om tilstanden på kyrkjebygget, som kommunens representant i soknerådet. Austrheim viste til at konsulentverksemda Multiconsult har gjort målingar i kyrkja og tilstanden viser seg å vera verre enn kva ein hadde sett for seg. Det er vurdert å stenga kyrkja på grunn av ei skeiv søyle og sprekkdanningar i andre, men dette er ikkje gjort. Undersøkingar viser at søylene står på tørrmur, og det ser ut for at fleire av desse er på sig.

Leiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, viste til at det først var kommunens eigne tilsette som

oppdaga endringar i kyrkjekonstruksjonen. Dette å ha fastslåttavvik etter eigne målingar vart det innhenta hjelp frå Multiconsult, som tidlegare har vore involvert i arbeidet med opprettinga av Manger kyrkje på Radøy.

Undersøkingane viser at det er sprekker i søyler med inntil 8 centimeter djupne. Det er førebels vurdert at ein kanskje må skjera opp golv og støypa fundament under søylene, og setja inn laminerte dragarar. Må sjå om dette kan løysast gjennom strakstiltak eller meir omfattande tiltak.

Anne Dahle Austrheim sa at kyrkja ikkje er listeført som verneverdig, og at det kanskje gjer det lettare å gjera tiltak.

---

Byggesakshandsamar/jurist Thomas Lindås orienterte om arbeidet med ein strategi for eigedomsforvaltning, der han jobbar saman med Eli Stien frå Økonomi og Arild Tresvik som er formann på teknisk drift.

Lindås sa at gruppa ser på den kommunale eigedomsporteføljen, kva eig Austrheim og kva bør kommunen eiga. Så langt er det gjort ei kartlegging med kva ein eig og leigeavtalar. Det er nokre bygg/eigedommar som peikar seg ut, som Rongevær, det gamle kommunehuset, og kyrkjelydshuset (kyrkja er positive til å bruka andre lokale til sitt arbeid). I tillegg har Tresvik vurdert tilstanden for kommunale bygg.

Lindås sa at gruppa jobbar jamt og trutt vidare, og etter planen skal leggja fram ein rapport rett over sommaren, som endar ut med nokre råd om kva ein skal ha eller kvitta seg med. Noko kan vera uerstatteleg, som Rongevær, medan til dømes bustadhus kan kommunen selja og kjøpa nye igjen når det trengst.

----

Konstituert rådmann Olav Mongstad, og leiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel, orienterte om situasjonen for vassforsyninga. (Sjå presentasjon). Det er sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal sjå på dette, med Olav Mongstad, Rolf Henning Myrmel og Asbjørn Toft.

Det er sett inn forbruksmålarar som skal visa kor mykje vatn som går i ulike område. Målaren i Øyane viser at forbruket var høgt i påskehelga, men samstundes at det er lite lekkasje i dette området.

Myrmel sa at ein toppar opp vasstårnet på Årås når ein kan, men det vil likevel vera slik at dersom det er varmt ver inn mot ei langhelg, som pinse, så vil ein gå ut på førehand med forbod mot vatning og spyling.

Mongstad viste korleis gjennomføring av hovudplanen for vatn vil bety samla investeringar på 28,52 millionar kroner og ein auken i årleg gebyr på 724 kroner.

Jorund Stellberg (Uavh) sa at for innbyggjarane er dette eit stort irritasjonsmoment. Vaskemaskina startar ikkje på grunn av manglande trykk, og enkelte har ikkje vatn i det heile.

Per Lerøy (Ap) etterlyste at varslingsstenesta på SMS kjem opp igjen. Myrmel svara at dette må komma på plass igjen.

Mongstad sa at kommunen tek dette med manglande trykk alvorleg, og at det samstundes er mogleg å gjera noko med utan at det går for mykje ut over lommeboka. Austrheim har 4,9 millionar på fond til investeringar i vatn no i 2019.

Myrmel orienterte om korleis utbetringar er tenkt. Ein skal starta med sjøleidningane, som er nesten 50 år gamle og kan ryka. I 2018 gjekk ein saman med Lindås og la vassleidning i same grøft frå bassenget på Litlås og ned til sjøen på den sida, med tanke på seinare utbygging.

I første omgang er ein sjøleidning Vardetangen - Utkilen nær utlysing. Her er det tanken å utlysa jobben som totalentreprise, slik at den som skal gjera jobben også skal ta prosjekteringa. Neste trinn er Utkilen – Mastrevik. Ein ser også på å etablere ei pumpe i Mastrevik for å auka trykket vidare, dette vert det no gjort berekningar for, og om det ikkje vil gje effekt vil ein ikkje investera i noko pumpe. Så langt har ein kjørt opp trykket på Kaland, men det er risikabelt å auka meir sidan det er tale om gamle vassleidningar, og ein del abonnentar nære pumpa får veldig høgt trykk.

For Åråsfeltet må ein gjera tiltak for å isolera vassforsyninga der, og deretter kan ein bruka pumpe til å auka trykket. Heiane og Lerøy treng også trykkaukepumper, men der er det meir kurant å få til enn i Åråsfeltet, som har fleire påkoplingar til vassnettet.

Det ligg i hovudplanen å bygga nytt høgdebasseng. Dette er kostbart, og trengst kanskje ikkje dersom ein heller kan knyta seg inn på ein kommande sjøleidning mellom Litlås i Lindås og Valderneset på Radøy. For den planlagde utbygginga av vatn på Kaland kan ein skubba nokre år på dette, det er ikkje er like kritisk no som ein har utsett arbeidet med omsorgsbustader.

Rådmann Liv Løvvik sa at det er viktig at ein informerer innbyggjarane om korleis ein ligg an med planen for vassutbygging, og kjem med meldingar etter kvart når arbeidet er i gang.

Olav Mongstad sa at ein legg opp til ei ny orientering i neste formannskap, etter at det er gjort ein del berekningar. Som Robek-kommune er det også viktig å laga ei skisse som ein så presenterer for Fylkesmannen Lars Sponheim og får støtte for derifrå. Når det gjeld Førland vel som ønskjer vatn til området, så skal ein møta dei og skissera at dei kan etablere eit vasslag med støtte frå kommunen.

---

Ordfører Per Lerøy (Ap) orienterte om situasjonen for VTA-bedrifta Aufera, som er på jakt etter nye lokale. Tidlegare har ein sett på lokale på Manger kai, dette har ein gått vekk frå. No er det aktuelt å kjøpa tidlegare Rema 1000 på Manger. For å få til dette må eigarane Austrheim, Fedje og Radøy stilla garanti på i alt 12 millionar, sannsynlegvis fordelt etter eigaransvaret ein har i selskapet. Kanskje må ein i Austrheim be Fylkesmannen om løyve til å stilla denne garantien. Økonomisjef i Radøy Sveinung Kvamme lagar ei orientering til dei tre formannskapa om denne saka.

---

Politisk handsaming i formannskapet:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 038/19 - 03.05.2019 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

-----

## **039/19: Budsjettoppfølging med tal per 30. april 2019**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Månadsrapport og driftsrapport for april 2019 vert teke til vitande.

## **03.05.2019 FORMANNSKAPET**

Økonomisjef Olav Birger Andersen sa at til dette møtet skulle ein gått gjennom årsrekneskapen for 2018, men det er utsett til neste møte pga. at rekneskapen framleis ligg hjå revisor. Det er diskusjon rundt fleire ting, hovudsakleg dette med ei rekning frå Helfo der kommunen og Helfo er usamd i bruken av refusjonar. Helfo ønskjer tilbakebetalt 840.000 kroner.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at ein har vore i kontakt med Helfo for å få deira syn på korleis hierarkiet er i denne saka, kven som skal bestemma, med tanke på at Fylkeslegen eigenhendig har vore i kontakt med Helfo og sagt at denne praksisen er OK. Austrheim skal senda ny klage til Helfo, utan bruk av advokat.

Økonomisjef Andersen sa at kommunen utan denne rekninga frå Helfo ligg an til eit overskot i 2018 på ein million kroner.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa at for kommunen handlar det ikkje berre på om dette skal kostnadsførast i 2018 eller 2019, men Austrheim ikkje vil betala noko av dette.

Rådmann Liv Løvvik sa at tilbakebetalinga no er betalt, og kostnadsført i april 2019. Samstundes kan det vera at ein må ta noko av dette i rekneskapen for 2018.

Når det gjeld utbytte frå Austrheim næringssselskap (3,5 millionar kroner i 2018), så godtek revisor at det vert ført som driftsinntekter, men vil ha med ein note i rekneskapen på at det skulle vore brukt til investeringar.

Andersen sa at kommunen etter planen skal vera samde med revisor innan 10. mai, og at rekneskapen skal sendast ut innan 15. mai, med handsaming i formannskapet 29. mai og deretter kommunestyret 20. juni.

Olav Birger Andersen tok ein gjennomgang av månadsrapporten per april 2019, med nokre estimerte tal. Eigedomsskatten er over budsjett, og ein ventar 500.000 kroner i godtgjering for endringa i eigedomsskatten på verk og bruk.

Elles er kravet frå Fylkesmannen no at Austrheim dekkar inn 3,8 av tidlegare underskot i 2019, og 2,2 av dette i 2020. Økonomisjefen la til at administrasjonen likevel held seg til kommunestyret sitt budsjett, der heile det tidlegare underskotet på 6 millionar vert dekkja inn i 2019.

Ordførar Per Lerøy sa at ein ligg betre an i 2019 enn i 2018, men la til at ein i slutten av 2018 fekk inn fem millionar frå Havbruksfondet, og det får ein ikkje i 2019. Lerøy la til at Austrheim må jobba meir med fiskeoppdrett, for å sikra kommande inntekter.

Lerøy sa vidare at han skal følgja opp arbeidet med Mongstad Vekst, med tanke på å henta ut midlar som ligg i selskapet. Det vil eventuelt gå via Austrheim næringssselskap og så til kommunen.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa om økonomien at det er venta ein del kostnader for tiltak i regi av Bufetat/Barnevernet.

Rådmann Liv Løvvik gav ros til Monika Kvamme og Olav Birger Andersen for jobben dei har gjort rundt i organisasjonen med tanke på korleis ein kan finna moglege innsparingar. Olav Mongstad følgde opp og sa at avdelingsleiarane har vore flinke til å ta ballen og leita etter moglege innsparingar.

Ordførar Per Lerøy presiserte at kommunen ikkje skal omtala seg som ein fattig kommune, for Austrheim er framleis ein ressurssterk kommune samanlikna med mange andre.

Politisk handsaming i formannskapet:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - 039/19 - 03.05.2019 - Vedtak:**

Månadsrapport og driftsrapport for april 2019 vert teke til vitande.

-----

### **040/19: Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap – samarbeidsavtale § 19**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Austrheim kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
2. Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

#### **03.05.2019 FORMANNSKAPET**

Jorund Stellberg (Uavh) sa at det var bra at IKT Nordhordland vert etablert som eit eige rettssubjekt, det er tryggare for dei tilsette og gjer det mogleg å ta opp lån.

Politisk handsaming i formannskapet:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - 040/19 - 03.05.2019 - Vedtak:**

1. Austrheim kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
2. Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt**



**oppgåvefellesskap** slik den ligg føre.

---

## **041/19: TV-aksjonen - oppretting av kommunekomiteé**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim vel fylgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2019:

- Leiar: Varaordfører Anne Dahle Austrheim
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen/ Helge Dyrkolbotn
- Folkehelsekoordinator Helge Dyrkolbotn
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Austrheim Rotary

Austrheim formannskap løyver kr.25.000,- til TV-aksjonen 2018 .

Kostnaden vert dekkja frå post 1490380001902

### **03.05.2019 FORMANNSKAPET**

Anne Dahle Austrheim (KrF) (som var innstilt som leiar av kommunekomiteen) sa at denne organiseringa har fungert bra dei siste åra, og la så til at det er viktig at formannskap og andre stiller som bøsseberarar!

Austrheim ba om at administrasjonen sjekkar at der er midlar på den posten som er sett opp for kommunen sitt tilskot, og om så ikkje er tilfelle så kjem denne saka opp igjen i formannskapet.

Politisk handsaming i formannskapet:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke, med tillegg om at administrasjonen sjekkar at der er midlar på den posten som er sett opp for kommunen sitt tilskot, og om så ikkje er tilfelle så kjem denne saka opp igjen i formannskapet.

### **FS - 041/19 - 03.05.2019 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel fylgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2019:

- Leiar: Varaordfører Anne Dahle Austrheim
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen/ Helge Dyrkolbotn
- Folkehelsekoordinator Helge Dyrkolbotn
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Austrheim Rotary

Austrheim formannskap løyver kr.25.000,- til TV-aksjonen 2019.

Kostnaden vert dekkja frå post 1490380001902. Administrasjonen sjekkar at der er midlar på den posten som er sett opp for kommunen sitt tilskot, og om så ikkje er tilfelle så kjem denne saka opp igjen i formannskapet.

---

## **042/19: Klage på avslag på søknad om konsesjon gbnr 129/8 - Litlås**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune opprettheld sitt vedtak i saka. Grunngeving framgår av saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33. Saka vert oversendt Fylkesmannen for endeleg vedtak.

### **03.05.2019 FORMANNSKAPET**

Landbrukssjef i Austrheim er Kjartan Nyhammer, ved felles landbrukskontor. Avdelingsleiar Asbjørn Toft la saka fram i formannskapet på vegner av Nyhammer. Toft viste til at der er eit høgt konfliktnivå i området, og utan å ta stilling til kven som er skuld i dette er det ikkje er tilrådeleg å la ein av partane stå som eigar av det aktuelle arealet.

Jorund Stellberg (Uavh) sa at ein må argumentera utanom det som har med nabokrangel å gjera. Og gjera vedtak på grunnlag av det reint landbruksmessige.

Anne Dahle Austrheim (KrF) viste til at dette ikkje var rekna som landbruksareal i 2012, og at det var litt underleg at det var det no, men sa at ho ville gå for rådmannens framlegg til vedtak.

Asbjørn Toft viste til at dette arealet var bebygd då utbyggjar kjøpte dette, men at våningshuset seinare er skild frå.

Politisk handsaming i formannskapet:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 042/19 - 03.05.2019 - Vedtak:**

Austrheim kommune opprettheld sitt vedtak i saka. Grunngeving framgår av saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33. Saka vert oversendt Fylkesmannen for endeleg vedtak.

---